

Søknaden om graving i/ved kommunal veg er godkjent med følgande vilkår:

- Ved alt gravearbeid skal det undersøkast om det ligger andre kablar og leidningar i grunnen (ledningsportalen.no + VA-avdeling Osterøy kommune)
- Graving over avkøyrsler eller på anna eigedom må avklarast med aktuell grunneigar.
- Leidningseigar er ansvarleg for all skade som måtte påførast vegområdet eller tredjepart.
- Det skal fresast/skjærast minimum 0,5 m på kvar side av grøft før graving, djupn min 5 cm.
- Veg med 1 lag asfalt sagast og det leggast min 5 cm varm asfalt, min 0,5m ut over grøfteareal.
- Fortau asfaltermast i full bredde
- Der vegen er nyasfaltert siste 5 år, skal det fresast og leggast ny asfalt min. 5m utover grøfteareal i heile vegens bredde.
- Ny asfalt skal vere slett med eksisterande veg slik at brøytebilar ikkje hektar i kant, og at vatn ikkje samlar seg. Evt. sprekkar/krakkelering skal forseglast slik at vann kan ikkje trenger ned i vegkroppen.
- Komprimering utførast lagvis, maks 50cm mellom lag. Bærelag skal alltid komprimerast.
- Dersom det vert grave i nærleiken av gamle asfalskjøter (min 2 m) skal det asfaltermast i heile vegbreidda mot eksisterande skøyt.
- Entreprenør må skilta ved arbeid i veg og varsla evt. stenging til nødetatene.
- Viss vegen skal brøytes under arbeidet skal brøytemannskap informerast om dette.
- Om grøft langs vegen står open må det vurderast sikring, t.d. attfylling fortløpande.
- Ved graving i hjulspor må minimum ½ vegbreidda reasfaltermast, slik at det ikkje oppstår skøyt i hjulspor langtgåande.
- Evt. varsling av bebuarane om graving/stenging av veg må gjerast i god tid før oppstart.
- Nye kummer skal ikkje vera høgare enn asfaltdekke
- Overdekking av leidningsanlegg skal være størst tillat overdekning etter Ledningsforskriften §5
- Leidningseigar skal etter ferdigstilling melde fra til vegmyndigheten om at arbeidet er avsluttet.
- Alt arbeid i/ved off. veg skal skje etter dagens lover og forskifter.

Øvrig:

- Fagansvarleg veg (Thomas Tufta, tlf: 484 80 853) skal kontaktast før gravearbeid tek til og skal godkjenne re-establering av vegen. Entreprenøren er sjølv ansvarleg for den reasfaltet grøftetrasse over vegen (og 0,5m på kvar side) i 5 år frå godkjent re-establering. Dette inkluderer m.a. skade på veg grunna därleg asfalt, asfalskjøtar, hull, sprekk, sig og hump som oppstår i etterkant av gravinga. Viss ikkje vegen er utbetra innan frist satt av vegmyndigkeit eller utbetringa er ikkje av tilstrekkeleg kvalitet kan kommunen bestille utbetring for entreprenør sin rekning.